



Kjetil Sandven
Rosslandsvegen 1084
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2575 - 18/2048

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

02.02.2018

GBNR 5/133 - Godkjenning- Søknad om oppføring av garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 30/2018

Tiltakshavar: Anette og Kjetil Sandven
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saka gjeld:

Anette og Kjetil Sandven har søkt om oppføring av ein frittstående garasje på 45 m² BRA på gbnr 5/133 på Fløksand.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 31.1.2018.

Statens vegvesen har med heimel i veglova §§ 29 og 30 gitt dispensasjon frå byggegrense på 50 meter til fylkesveg 564, i skriv datert 10.11.2016 .

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 10.1.2018. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av ein frittstående garasje er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a) og er søknadspliktige tiltak som kan forestås av tiltakshavar, jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen (KPA), med status som LNF spreidd bustad, jf. tabell 9.1 i føresegn 3.2.3 til KPA.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Føresegn 3.2.1 til KPA angjev tiltak som kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk, utan at det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF. Dette gjeld blant anna tilbygg med samla bruksareal (BRA) på inntil 100 m².

Det er i dette tilfellet søkt om løyve til oppføring av ein frittståande garasje på 45 m², tiltaket er innanfor det føresegn 3.2.1 til KPA opnar for i samsvar med eksisterande bruk på eigedomen, og kan difor tillatast.

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassering, og byggverket si høgd.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 5/7 om løyve til å føre opp garasje 0 meter frå felles grense. Med heimel i pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a, godkjenner kommunen tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 31.1.2018.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til oppføring av garasje på 45 m² på gbnr 5/133 som omsøkt. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksugreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon fra byggegrense - eiendom gnr. 5 bnr. 133

Innv. teikning

utv.teikning

Kart

GBNR 5/133 - Søknad om løyve til tiltak oppføring av garasje